



**Styre:** Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

**Styresak:** 23/20

**Møtedato:** 26.05.2020

**Dato:** 12.05.2020

**Arkivsaksnr:** 2019/25100-

INGHA

---

## Studiekvalitetsmelding 2019

---

### Dokumenter i saken

- Bestilling fra Studieavdelingen
- Studiekvalitetsmeldinger fra institutt og sentre
- Studiekvalitetsmelding 2019 fra Det humanistiske fakultet

### Bakgrunn

I henhold til Universitetet i Bergens kvalitetssystem for utdanning – systembeskrivelse, skal fakultetene årlig levere en studiekvalitetsmelding med planer for oppfølging av studiekvalitet.

Prosessen starter med egenvurderinger på emne- og programnivå som leder opp til studiekvalitetsmeldinger på institutt og sentre. Disse studiekvalitetsmeldingene danner grunnlag for fakultetets dialogmøter med enhetene og er utgangspunkt for fakultetets studiekvalitetsmelding. Fakultetenes studiekvalitetsmeldinger danner grunnlag for dialogmøter med UiBs sentralnivå og for UiBs samlede studiekvalitetsmelding som behandles i universitetsstyret.

Fakultetene mottok i tillegg en bestilling fra Studieavdelingen, ePhorte 2020/1346, med ytterligere forhold som fakultetene skal omtale i sin studiekvalitetsmelding.

Alle grunnenhetene ved HF leverte studiekvalitetsmeldinger for 2019, og det ble gjennomført dialogmøter primo april.

Studiekvalitetsmeldingen ble lagt frem for studiestyret som orienteringssak 9/20 i møte 6. mai 2020.

### Forslag til vedtak:

Fakultetsstyret tar studiekvalitetsmelding 2019 fra Det humanistiske fakultet til etterretning.

Jørgen Magnus Sejersted  
dekan

Kim Ove Hommen  
fakultetsdirektør





Til  
Fakultetene

Referanse  
2020/1346-TOVST

Dato  
29.01.2020

## Egenvurderinger og studiekvalitetsmeldinger for 2019 - bestilling

Vi viser til UiBs kvalitetssystem for utdanning- systembeskrivelse, kapittel 3:  
Prosessbeskrivelse – årlige prosesser.

Kapittelet inneholder en beskrivelse av den årlige prosessen fram til en samlet studiekvalitetsmelding for utdanningene ved UiB. Prosessen starter med egenvurderinger på emne- og programnivå, som leder opp til studiekvalitetsmeldinger på institutt, fakultets- og sentralt nivå. Instituttene studiekvalitetsmeldinger og referater fra dialogmøtene med instituttene, danner utgangspunktet for fakultetets studiekvalitetsmelding med planer for oppfølging av studiekvalitet. Vi viser til kapittel 3 for nærmere informasjon.

Dette brevet er den årlige bestilling til studiekvalitetsmelding til fakultetene.

Iht kap. 3.1 skal fakultetenes studiekvalitetsmeldinger inneholde omtale av:

Oppfølging av foregående års studiekvalitetsmelding  
Hovedkonklusjoner fra fakultetenes dialogmøter  
Gjennomførte og planlagte emne- og programevalueringer  
Budsjettprioriteringer (endringer)  
Studieportefølje og dimensjonering  
Satsingsområder  
Status knyttet til målsettinger om studiekvalitet satt i UiBs handlingsplaner, inklusive Handlingsplan for kvalitet i utdanning  
Utviklingsavtale med KD  
Planer for oppretting og nedlegging av studieprogram, jf. kap 3.2 i systembeskrivelsen

*I tillegg ber vi om omtale på:*

Hva gjør fakultetet for å øke gjennomføring på normert tid i studieprogrammene, og hvilke effekter er observert/planlegges evaluert?

- Hvordan blir det jobbet med å få på plass studentaktive og varierte undervisnings- og vurderingsformer ved alle studieprogrammene ved fakultetet? Hva er oppnådd så langt og hva gjenstår?

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ePhorte

Vi viser til lenker til aktuelle rapporter fra Tableau og STAR til bruk ved egenvurdeinger på programnivå og til studiekvalitetsmeldinger nederst i kap 3.1.

*Dialogmøter og oppfølging, årshjul:*

- februar – april 2020: Egenvurderinger i emner og program, dialogmøter mellom institutt- og

fakultetsledelse

- mars: Instituttene oversender studiekvalitetsmeldinger til fakultetetene.

**- 30. april: Fakultetets frist for å oversende studiekvalitetsmelding til SA**

- mai – september: Dialogmøter mellom fakultets- og universitetsledelse

i

- oktober: Samlet vurdering på utdanningsfeltet ved UiB behandles

Utdanningsvalget.

- 26. november: Samlet vurdering for utdanningsfeltet ved UiB behandles i Universitetsstyret.

Det enkelte fakultet setter nærmere frister for prosessene ved fakultetet.

Vennlig hilsen  
Oddrun Samdal  
Viserektor for utdanning

Christen Soleim  
avdelingsdirektør

## **Studiekvalitetsmelding/Eigenvurdering av undervisning, AHKR 2019**

Programstyrenes eigenvurderingar viser at undervisninga i 2019 jamnt over har hatt god kvalitet og blitt gjennomført som planlagt. Studiekvalitetsarbeidet på programma er i samsvar med vedtatte planar.

### **Studiepoeng- og kandidatproduksjon ved AHKR**

Studiepoengproduksjonen ved AHKR er god. Den har vore jamnt aukande dei siste åra. Det var ein liten nedgang frå 2018 til 2019, først og fremst på grunn av noko færre studiepoeng ved historie, men nedgangen må sjåast i lys av at produksjonen i 2018 var uvanleg høg. Tendensen er derfor framleis aukande, også for historie. Det er ikkje samsvar mellom tala som er i DBH og faktiske studiepoeng. Det har bakgrunn i at DBH ikkje har knytt tverrfaglege emne eller didaktikkemne i lektorutdanninga og PPU til AHKR. Medan DBH registrerte 602 årseiningar (av 60 stp) ved AHKR, var det reelle talet 689 einingar, altså 14 prosent høgare.

Det er også variasjonar i kandidatproduksjon og gjennomføringsgrad ved dei ulike programma. Studiepoengproduksjonen pr student ligg på rundt 42, men her er betydelege variasjonar mellom fag og program, særleg på masternivå. Det siste er instituttet særleg merksam på, og det vil følgjast opp. Medan gjennomsnittleg studiepoengproduksjon pr masterstudent på historie i 2019 var på 45.5, var den heilt nede i 27.4 på kulturvitenskap.

Dette speglar seg også i kandidatproduksjonen. Den samla kandidatproduksjonen på master gjekk noko ned i 2019 samanlikna med 2018, men opp samanlikna med 2017. På bachelor har kandidatproduksjonen i 2019 gått noko ned, særleg samanlikna med toppåret 2018, men også samanlikna med 2017. Det er naturleg med ein viss nedgang i kandidatproduksjonen på historie og religion etter at lektorprogrammet starta opp. Det første kullet her startar med master hausten 2020, og vil bidra til større kandidatproduksjon frå våren 2022.

### **Gjennomførte emne- og programevalueringar siste år**

Ei hovudutfordring i studiekvalitetsarbeidet ved instituttet er imidlertid å få studentane i tale, både gjennom evalueringar og andre kanalar for medverknad. Det er låg svarprosent på dei fleste evalueringar, dårleg oppmøte på arrangement og møte med studentane, og vanskeleg å rekruttere studentar til verv ved instituttet. Svarprosenten på studiebarometeret er òg jamnt over låg, og barometeret har dermed svært avgrensa verdi. For eksempel fekk bachelorprogrammet i historie ein score på 3.2, basert på 19 svar (25 prosent av studentane). I instituttets eigen evaluering svarte 15 studentar i same gruppe på likelydande spørsmål og gav gjennomsnittscore på 4.1 Studiebarometeret er likevel viktig, ikkje minst i forhold til omdømme. Som oppfølging blei derfor alle studentane på programmet invitert til møte med instituttleiing, fagkoordinator og fagutvalet på historie. Ingen møtte. Det er sentralt for instituttet å styrke kontakten med studentar og få ein større del av dei i tale i samband med studiekvalitetsarbeidet. Me har forventningar om at innføringa av mentorordninga i dei to første semestera skal gi positive effektar her.

Samtlege studentar på alle emne ved instituttet har fått høve til digital evaluering av undervisningstilbodet, både i vår- og haustsemesteret. Svarprosenten er varierende, men samla sett gir tilbakemeldingane nyttige innspel og viser at det er varierende opplevingar av den same undervisninga. Gjennomgåande er studentar som bruker mest tid på studiet også mest fornøyde. I tillegg til fellesevalueringa har det vore gjennomført evalueringar av emneansvarlege. I samband med opplæringsprogrammet i universitetspedagogikk blei det gjennomført ei kvalitativ evaluering på det store oversiktsemnet HIS102. Eit utval studentar vart intervjuet i djupna, noko som gav verdifull forståing av korleis studentar opplevde emnet.

Det er ikkje gjennomført programevalueringar siste år.

Instituttet hadde i 2019 særleg fokus på studieprogramma, blant anna med eit instituttseminar på Solstrand der innhald, oppbygning, undervisnings- og vurderingsformer (som studentaktiv undervisning) på programma blei diskutert. Det har bidratt til auka medvit omkring studiekvalitet i staben og til igangsetting av prosessar for å betre programma. Arbeidet blir våren 2020 fulgt systematisk opp på fagmøte på dei enkelte faga. Instituttet har forventningar til at dette skal bidra til auka fagleg og pedagogisk kvalitet, og på sikt også til auka kandidatproduksjon.

### **Planlagte emne- og programevalueringar**

Instituttet planlegg digital evaluering av samtlege emne også for vår- og haustsemesteret 2020, i tillegg til evalueringar emneansvarlege sjølv utfører i samsvar med evalueringsplanar. Corona-utbrotet kan vanskeleggjere tradisjonell evaluering, og instituttet vurderer digitale alternativ også for evalueringar retta mot spesifikke emne. Det vil vere naturleg at den bråe overgangen til digital undervisning blir ein sentral del av evalueringa.

Det er utarbeidd ein plan for programevalueringar for alle fag på bachelor- og masternivå dei komande åra. Alle program har no på plass nye eksterne fagfeller, og er i ferd med å inngå avtalar om kva fagfellene særleg skal evaluere.

### **Studieportefølje (planlagde opprettingar og/eller nedleggingar)**

Arbeidet med å opprette eit heildigitalt online erfaringsbasert masterprogram i Religious Minorities er godt i gang, og førsteutkast til søknad skal føreligge i april.

### **Budsjettprioriteringar (endringar)**

Ein viktig del av masterprogrammet i arkeologi er feltkurset. Dette er blitt flytta frå haustsemesteret til vårsemesteret, og vil no bli undervist i tett samarbeid med Universitetsmuseet som har fått vesentleg større ansvar. Det gjeld både deltakinga i undervisninga, og når det gjeld oppfølging av formelle krav og rapporteringsplikter som følger med arkeologiske utgravingar. Dette har medført vesentleg auka kostnader for instituttet. Samarbeidet har likevel vore prioritert fordi det samla sett har gitt eit betre undervisningstilbod og samtidig avlasta arkeologimiljøet.

### **Satsingsområde**

I tillegg til feltkurset i arkeologi, er oppretting og etablering av det digitale masterprogrammet i Religious Minorities eit satsingsområde ved instituttet. Arbeidet involverer først og fremst religionsvitskap, men inneber også tverrfagleg undervisningssamarbeid på instituttet. Lektorutdanninga har lenge vore eit satsingsområde. Frå hausten byrjar dei første lektorstudentane på religion og historie på master, og for begge disiplinane vil det medføre at lektorprogrammet får ei endå meir sentral rolle. Dette gjeld særleg religionsvitskap der lektorstudentane fort kan kome til å dominere masterprogrammet.

#### Vedlegg

Studiepoengproduksjon AHKR, 60-poengseiningar. Tal frå DBH			
	2017	2018	2019
BA arkeologi	33	48	62
MA arkeologi	19	17	17
Totalt arkeologi	52	65	79
BA historie	278	308	295
MA historie	59	69	63
Totalt historie	337	377	358
BA kulturvit.	49	43	56
MA kulturvit.	11	8	8
Totalt kulturvit.	60	51	64
BA religionsv.	98	99	89
MA religionsvi.	10	14	12
Totalt religionsv.	108	113	101
BA AHKR	458	498	502
MA AHKR	99	108	100
Totalt AHKR	557	606	602

Tal frå FS, som inkluderer tverrfaglege emner og didaktikkemner som manglar i DBH

	Studiepoeng	60-poengseiningar
Tverrfaglege	805	13,4
Arkeologi:	4605	76,8
Historie:	23607,5	393,5
Kultur	3800	63,3
Religion	8527,5	142,1
Totalt AHKR	41345	689,1

Kandidatproduksjon MA. Tal frå Tableau			
	2017	2018	2019
Arkeologi	7	9	9

Historie	23	37	30
Kulturv	3	1	4
Religionsv.	6	5	2
Totalt	39	52	45

Kandidatproduksjon BA. Tal frå Tableau			
	2017	2018	2019
Arkeologi	14	17	14
Historie	48	66	51
Kulturv	9	17	5
Religionsv.	13	9	9
Totalt	84	109	79

# Studiekvalitetsmelding Institutt for framandspråk mars 2020

I tråd med krava i UiB sitt kvalitetssystem for utdanning frå 2019, presenterer Institutt for framandspråk med dette årsrapport for 2019. Som det er bede om i UiB sin systematiske framstilling av arbeidet med studiekvalitet («[systembeskrivelse](#)»), inneheld årsrapporten vurdering og plan for oppfølging av programstyra sine rapportar for dei 17 studieprogramma ved instituttet, samt ein kort omtale av tiltak for auka studiekvalitet som er gjennomførte ved instituttet, og ei vurdering av eigne gjennomføringstal som har konsekvensar for økonomien til instituttet.

## Vurdering av og plan for oppfølging av programstyra sine eigenvurderingar

---

### *Vurdering av eigenvurdering av BA i arabisk*

---

Gjennomføringa av programmet gjekk etter planen, og programmet fungerte greitt. Nokre av emna i programmet vart studentevaluerte i 2019, og studentane er stort sett nøgde. Det vert likevel peikt på nokre utfordringar både frå studentar og tilsette. For det første, vart programmet svært intensivt etter omlegginga til blokkmodell etter HF2018, og ein del studentar slit med å førebu seg nok til alle timar. Det er også eit problem for lærarane at studentane møter ubudde. Faget ynskjer å setja inn tiltak for å forbedra emna og motivera studentane. I tillegg ynskjer ein å justera vurderingsformene.

På ARA211, som er det einaste emnet som vert undervist på 200-nivå i og med at studentane etter HF2018 tek BA-oppgåveemnet på AHKR, ser ein trong for meir undervisning utover dei 4 timane i veka som no vert gitt. Ein ser også trong for å setja klarare krav til forkunnskapar og å justera vurderingsforma. Også her møter studentane ofte ubudde, og det er trong for å arbeida med motivasjonen til og oppfølging av studentane. Men faget har ei stor utfordring i høve ressursar, med berre to fast tilsette og stor studenttilstrøyming, særleg på introduksjonsemnet ARA100. Det er positivt for faget at det no har fått ein «scholar at risk» i to år.

*Plan for oppfølging:* Faget arbeider kontinuerleg med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøet i dette arbeidet.

---

### *Vurdering av eigenvurdering av BA i engelsk*

---

Programstyret er i hovudsak tilfreds med gjennomføringa av programmet, men peikar likevel på nokre utfordringar. Svært mange oppmeldte studentar nyttar ikkje undervisningstilbodet (førelesingar, oppgåveløysing, HelpDesk, osv.), og særleg gjeld dette i lingvistikkemna. Det er grunn til å tru at manglande deltaking heng saman med relativt høg strykprosent i nokre emne. Lingvistikkemna på 100-nivå har høgare strykprosent og stort fråfall, medan litteraturemna ligg på gjennomsnittet med omsyn til stryk og fråfall.

Emneansvarlege peikar også på trong for endringar i eksamensformatet for litteraturemne som har skuleeksamen.

Studentane uttrykkjer at dei stort sett er nøgde, men etterspør fleire obligatoriske krav (deltaking, innleveringar), meir varierte vurderingsformer og tilrettelagte kurs for lektorstudentar, særleg med omsyn til yrkesrelevans. Desse ynska kjem både frå BA-studentar og lektorstudentar.

Tiltak for å redusera tala for både stryk og fråfall er del av 're-design' prosjektet som BA programmet i engelsk er del av. Prosjektet vert leia av UiB læringslab og handlar om å systematisk planleggja innhaldet i studieprogrammet med utgangspunkt i studentane sitt læringsutbyte ved avlagt grad.

*Plan for oppfølging:* Faget har gode planar for å følgja opp utfordringane dei ser i programmet, særleg gjennom 're-design' prosjektet, og instituttet vil støtta fagmiljøet i å gjennomføra dei planlagde tiltaka.

---

### *Vurdering av eigenvurdering av MA i engelsk*

---

Programstyret er i hovudsak tilfreds med gjennomføringa av programmet, men peikar likevel på nokre svakheiter. For det første fører strukturen på lektorprogrammet til utfordringar. Praxisperioden medfører låg deltaking i undervisninga, noko ein har prøvd å løysa ved å tilby eigne emne for L-studentane med ein intensiv undervisningsperiode over fire veker. Ei slik løysing har ikkje vore uproblematisk. Dessutan gjer oppbygginga av lektorprogrammet at lektorstudentane manglar fordjuping i litteratur, og dermed stiller svakare enn studentane på det regulære masterprogrammet.

Ei anna svakheit er at skuleeksamen som eksamensform i litteraturemne vert opplevd som lite tilfredsstillande, medan ei utfordring er at studentane fordeler seg skeivt på disiplinær og emne i høve det emnetilbodet og dei ressursane faget har tilgjengeleg. Medan nokre emne i litteratur/kultur har overfylte seminar, har andre emne relativt få studentar. I tillegg opplever faget at eigeninnsatsen til studentane ikkje alltid står i høve til det som vert forventa.

Resultata av studentevalueringane tyder på at studentane stort sett er nøgde, men dei etterspør fleire obligatoriske krav (deltaking, innleveringar, rettleidd skrivetrening), meir varierte vurderingsformer (alternativ til skuleeksamen), og tilrettelagte kurs for lektorstudentar, særleg med omsyn til yrkesrelevans. Disse ynska kjem både frå MA-studentar og lektorstudentar. Det er med andre ord stort samanfall mellom lærarane og studentane sine oppfatningar om kva område i programmet som kan/bør forberast, då begge grupper peikar på innføring av obligatoriske arbeidskrav, val av vurderingsformer, og tilrettelegging for L-studentane. I tillegg peikar dei emneansvarlege på problem med overfylte kurs og behov for å styre studentane sine val av emne.

*Plan for oppfølging:* Faget arbeider kontinuerleg med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøet i dette arbeidet.

---

### Vurdering av eigenvurdering av VID-MAUENG

---

VID-MAUENG er eit fireårig deltidsstudium for lærarar. Fullført og greidd studium gir masterkompetanse.

Til saman er det pr. 1. mars 2020 21 aktive studentar på det erfaringsbaserte masterprogrammet (alle kull medrekna). IF hadde i 2018 ikkje opptak til VID-MAUENG, noko som resulterte i auka søkjartal sist år. Hausten 2019 starta 12 studentar på programmet, og det er pr. i dag (våren 2020) 10 studentar på 2019-kullet.

Programmet har ikkje vore evaluert av ekstern fagfelle. IF samarbeider no med LLE om å engasjera ekstern fagfelle for VID-MAUENG og tilsvarande erfaringsbasert masterprogram for nordisk.

Det har kome tilbakemelding frå studentar på at innhald eller vinkling i einskilde disiplinemne ikkje har vore direkte relevante for engelskfaget i skulen. Mange studentar opplever dessutan vanskar med å finna nok tid til å arbeida kontinuerleg med masterstudiet, særleg sidan det varierer kor vidt arbeidsgjevarane i skulen legg til rette for dette. Når ein ser under eitt alle åra UiB har hatt dette utdanningstilbodet, har relativt få VID-MAUENG-studentar (knappe 15 % av studentane samla sett) gjennomført studiet på normert tid. Over 40% av studentane har brukt tre semester ekstra eller meir for å fullføra.

*Plan for oppfølging:* Instituttet ser no på innhaldet i disiplinemna VID-MAUENG-studentane vert underviste i, med tanke på å sikra relevans for engelskfaget i skulen.

---

### Vurdering av eigenvurdering av BA i fransk

---

Ein har i løpet av dei siste åra hatt ein gjennomgang og omlegging av emna som inngår i BA-programmet i fransk. 2019 var dermed første gongen dei nye emna vart gjennomførte. Ekstern fagfelle har enno ikkje evaluert det nye opplegget, men byrja med arbeidet våren 2020. Nokre emne var ikkje nye, men hadde fått nytt innhald. Dette gjeld t.d. introduksjonsemnet FRAN100, som hausten 2019 vert gjennomført med ein 'blended learning'-modell og med ekstra undervisning frå ein undervisningsassistent. Begge deler fall i svært god jord hjå studentane.

Programstyret er i hovudsak tilfreds med gjennomføringa av programmet, men peikar likevel på nokre utfordringar.

For det første, arbeider faget med å auka rekrutteringa. Talet på studentar på BA-programmet i fransk har dei siste åra variert mellom 6 og 16, og det er trong for eit stabilt, høgare tal. Det er også trong for å arbeida med rekrutteringa til studieopphaldet i Caen som inngår som frivillig del av emnet FRAN124. Her vert det også arbeidd med å justera forkunnskapskrav samt det faglege innhaldet i opphaldet.

Emnet SEK100 vart innført med HF2018 som eit samarbeid mellom faga fransk, italiensk, russisk og tysk. Emnet vart innført for å spara ressursar for små fag og vart dermed lagt opp som eit emne som skulle ta så lite ressursar som mogeleg frå faga. Dei involverte faga meiner at det her har blitt for mykje fokus på innsparing, og evalueringar viser at det er trong for å gå kritisk gjennom emnet og gjera endringar, t.d. med innføring av obligatoriske arbeidskrav. I tillegg byr samkøyringa mellom dei

fire faga i høve fagleg fokus, på utfordringar. Emnet har dårleg framømte på undervisninga, og berre 20 av 35 oppmeldte studentar tok eksamen.

*Plan for oppfølging:* Faget arbeider kontinuerleg med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøet i dette arbeidet.

---

#### *Vurdering av eigenvurdering av MA i fransk*

---

Ein har i løpet av dei siste åra hatt ein gjennomgang og omlegging av emna som inngår i MA-programmet i fransk. Ein har mellom anna innført større grad av studentaktiv undervisning («flipped classroom»), noko studentane er nøgde med. SAK-emna i samarbeid med NTNU held fram og fungerer greitt, trass i stadige tekniske problem. Hausten 2019 starta det nye Norcam/Norpart-projektet opp, og MA-programmet i fransk fekk fire masterstudentar frå Kamerun som skulle vera på UiB i eitt år. I lys av erfaringar hausta med denne første gruppa vil endra noko på kva emne Kamerunstudentane tek på UiB. Totalt 11 studentar byrja på MA i fransk hausten 2019 (inkludert 4 lektorstudentar), og faget er nøgd med gjennomføringa av programmet jamvel om dei peikar på trong for meir trening i akademisk skrivning. Ekstern fagfelle har enno ikkje evaluert det nye opplegget, men byrja med arbeidet våren 2020.

*Plan for oppfølging:* Faget arbeider med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøet i dette arbeidet.

---

#### *Vurdering av eigenvurdering av BA i italiensk*

---

Ein har i løpet av dei siste åra hatt ein gjennomgang og omlegging av emna som inngår i BA-programmet i italiensk, med meir fokus på kva studentane treng og ynskjer. Målet med endringane er å styrka motivasjonen til studentane og leia dei til ein meir naturleg «language acquisition». Faget har framleis mange idéar til forbetring som ein ikkje kan setja ut i livet grunna knappe ressursar med berre to fast tilsette. Mellom anna peikar ekstern fagfelle på vanskane det byr på for studentane å skulla læra eit språk frå grunnen av på 10 veker og rår til å auka tal timar på ITAL100 i studentane sitt første semester. Betre oppfølging i første semester, ville kunna auka motivasjonen for å starta på 2. semester og såleis redusera fråfall. Faget bøter noko på mangelen på ressursar med praktikantar som kjem frå Italia med Erasmus + og Erasmus placement. Hovudintrykket er likevel at programmet fungerer rimeleg greitt.

*Plan for oppfølging:* Faget arbeider kontinuerleg med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøet i dette arbeidet.

---

### *Vurdering av eigenvurdering av MA i italiensk*

---

Faget sitt inntrykk er at programmet fungerer bra. Emna blei ikkje studentevaluerte i 2019, men rapporten frå ekstern fagfelle er positiv. Det vert likevel peikt på nokre utfordringar. For det første, har nokre av emna litt mykje innhald, og ein vurderer å flytta nokre mindre kompliserte tema til slutten av BA-nivå. For det andre, har ein endra noko på vurderingsformene. For det tredje, kunne ein ideelt sett ha inkludert fleire disiplinær/tema i dei eksisterande masteremna i tillegg til litteratur og lingvistikk, t.d. omsetjing, språktypologi, politiske og sosiale tendensar, og praksis. Dette ville vera nyttig og av interesse for studentane, men ressursane på faget gir ikkje rom for dette. Faget planlegg likevel ei kandidatundersøking for å kartleggja kva type italiensk kunnskap tidlegare studentar treng i sine noverande jobbar.

*Plan for oppfølging:* Faget arbeider kontinuerleg med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøet i dette arbeidet.

---

### *Vurdering av eigenvurdering av BA i japansk*

---

Programmet fungerer greitt, noko både rapporten frå ekstern fagfelle og studentevalueringar stadfester, trass i at studentane ynskjer seg fleire undervisningstimar i alle emne. Det vert likevel peikt på nokre utfordringar. Særleg gjeld dette innføringsemnet JAP100, som er sett saman av to bolkar som er dårleg vevde saman. Det er i tillegg utfordringar med vurderingsforma, som er ein digital skuleeksamen trass i at alle teikn må skrivast for hand. Faget arbeider med å utvikla og forbetra emnet, inkludert vurderingsforma. Dei jobbar også med å justera vurderingsformene på andre emne. Faget peikar elles på store utfordringar med romtildeling i TP, då nye og ulike rom nesten kvar dag og kvar veke, gjev mangel på forutsigbarheit og kontinuitet.

*Plan for oppfølging:* Faget arbeider kontinuerleg med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøet i dette arbeidet.

---

### *Vurdering av eigenvurdering av BA i kinesisk*

---

Programmet fungerer bra når det gjeld undervisningsmetodar og vurderingsformer. Faget har også god kommunikasjon med og tett oppfølging av studentane, som gjennom evalueringar uttrykkjer at dei stort sett er nøgde, sjølv om dei m.a. kunne ynskja seg meir munnleg øving. Programmet hadde i 2019 framleis berre to fast tilsette, noko som gjorde at undervisningsressursane var svært avgrensa. Faget brukar også ein lærar frå Bergen Konfutse Institutt, men dette baud i 2019 på nokre utfordringar som også gjekk ut over studentane.

Hausten 2019 registrerte 39 studentar seg på KIN100 og 31 tok eksamen. Tilsvarende tal for KIN103 var 28 og 22, og for KIN104 28 og 21.

*Plan for oppfølging:* Faget arbeider med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøet i dette arbeidet.

---

### *Vurdering av eigenvurdering av MAHF-LÆFR*

---

Programmet har engasjerte studentar, men organiseringa av studieløpet er lite tilfredsstillande og skaper frustrasjon både mellom studentar og tilsette. Det er eit integrert studieprogram samansett av disiplinfag i lingvistikk og litteratur/kultur, didaktikkemne, pedagogikkemne og praksisemne. Det er praksisperiodar i fire av dei fem åra av studiet, og dei to lengste praksisperiodane er begge lagt til det fjerde studieåret (7. og 8. semester). Praksisemna utløyser ikkje studiepoeng; lektorstudentane har difor eit studieløp som er meir tid- og arbeidskrevjande enn studieløp samansette av reine disiplinfag. Kompleksiteten i den integrerte lektorutdanninga fører også med seg relativt store organisatoriske utfordringar.

Studiebarometeret for 2019 viser at studentane på lektorprogrammet med fordjuping i framandspråk ved UiB er relativt nøgde med det faglege og sosiale læringsmiljøet (3,9 av 5; oppgang 0,1 frå 2018), men er lite nøgde med organiseringa av lektorprogrammet (2,9 av 5; nedgang 0,4 frå 2018) og medverknad (2,7 av 5; nedgang 0,5 frå 2018).

Organiseringa av praksis er ei tilbakevendande utfordring. Det vart gjort endringar i KOPRA-emna dette året, med innføring av felles opplegg for pedagogikk og didaktikk; det er rapportert om positiv effekt av dette. Derimot er det vedvarande problem i høve til koordinering av undervisning på campus og langpraksis i skulen i 7. og 8. semester.

Ekstern fagfelle for 5LU på HF har i 2019 hatt særskilt fokus på 8.-10. semester i masterdelen. Eit moment som er diskutert i rapporten er innhald og oppbygging av 8. semester i lektorløpet. Der konkluderer ekstern fagfelle med at det samla tids- og arbeidspresset er så stort at det sannsynlegvis fører til svekka læringsutbyte for studentane.

Eit anna moment framheva i fagfellerapporten er manglande formalisert opplæring i teoribruk og metodar for fagdidaktisk forskning i samband med masterprosjektet. Ekstern fagfelle anbefaler innføring av metodekurs på masternivå.

Utfordringane på lektorprogrammet har vore diskuterte i noverande og tidlegare programsensorrapportar, i Sejersted-utvalet (rapport 2018) og på institutt-, fakultets- og sentralt nivå. Styringsgruppa for lektorutdanninga ved UiB har bede Programrådet drøfta korleis ein kan få til ein omstrukturings-/redesign-prosess av 5LU for å løysa tilbakevendande organisatoriske problem, og dette skal opp som sak i rådet i april.

Det generelle inntrykket er at studentane på 5LU ved IF er engasjerte og reflekterte, og at det sosiale miljøet fungerer bra. Praksisrettleiarar melder at lektorstudentane våre er dyktige i klasserommet. Problematikken rundt heilskap og organisering av ulike komponentar i studiet er framleis til stades, men her har styringsgruppa no initiert ein prosess med omstrukturering og/eller redesign av programmet som målsetjing. Det er dermed viktig at arbeidet med å auka kvaliteten på lektorprogrammet vert følgt opp og prioritert høgt også på instituttnivå. Ei anna viktig sak er at resultat frå Studiebarometeret gir IF låg score på studentmedverknad på 5LU. Det tyder på eit behov for dialog med lektorstudentane rundt studentmedverknaden slik han vert praktisert i dag.

*Plan for oppfølging:* Faga som er involverte i 5LU ved IF, arbeider kontinuerleg med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøa i dette arbeidet.

---

#### *Vurdering av eigenvurdering av BA i russisk*

---

Ein har i løpet av dei siste åra hatt ein gjennomgang og omlegging av emna som inngår i BA-programmet i russisk. Programmet har no gjennomgåande mykje undervisning på 100-nivå og mindre på 200-nivå, noko som fungerer tilfredsstillande.

I tråd med m.a. tilrådingar frå ekstern fagfelle, har ein lagt om fleire deler av BA-studiet til studentaktive undervisningsformer og laga digitale oppgåver i m.a. skriftleg russisk, munnleg, og grammatikk. Det nye opplegget skal no evaluerast av ny ekstern fagfelle. Det vert likevel peikt på at de kan vera utfordrande å få studentane med på omlegginga til meir studentaktiv undervisning, ta meir ansvar for å gjera oppgåver på nett, osb. Faget ser her trong for endå betre dialog med studentane ved starten av kvart semester, for å innarbeida ein kultur for aktiv læring. Faget har elles fått på plass eit nytt tilbod om utanlandsopphald etter at det norske studiesenteret i St. Petersburg vart lagt ned, og det nye opplegget med 6 veker i Petrozavodsk fungerer godt.

Gjennomføringa av programmet er god, men det er naudsynt å jobba med rekruttering både til BA-studiet og vidare til MA-studiet. 19 studentar starta på BA i russisk hausten 2019, noko som er svært bra sett i høve til dei 5 som starta i 2017 og 6 i 2018.

Faget nemner elles at svært få studentar tok fellesemnet SEK100, som det brukar ein del ressursar på, og det vil vurderast om det er gunstig for BA-programmet i russisk å vera med i dette fellesemnet vidare framover.

*Plan for oppfølging:* Faget arbeider kontinuerleg med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøet i dette arbeidet.

---

#### *Vurdering av eigenvurdering av MA i russisk*

---

Ein har i løpet av dei siste åra hatt ein gjennomgang og omlegging av emna som inngår i MA-programmet i russisk. Ekstern fagfelle har hatt nyttige innspel i høve undervisningsmetodar og pensum, og han har rådd til å halda fast ved det ambisiøse nivået dei obligatoriske MA-emna har. Programmet har no 45 obligatoriske studiepoeng i russisk, og 15 som kan importerast eller takast som eitt av «lesekurser» i russisk som faget har innført dei siste åra. Ny ekstern fagfelle skal no evaluera det nye opplegget.

Faget oppfattar gjennomføringa av programmet som god. Masterprogrammet i russisk har dei siste åra tatt opp mellom 2 og 4 studentar i året. Dette er ei lita gruppe, og faget freistar halda gruppa saman gjennom felles oppgåveseminar for alle aktive MA-studentar på faget. Studentane som startar på ein MA i russisk har ulike faglege føresetnader og det kan ta litt tid før ein har ei felles forståing for det særigne ved MA-studiet (meir sjølvstendig studium, meir lesing av pensum på eiga hand og aktiv

bruk av bibliotek, m.m.). Ein ser difor ein trong for å leggja endå større vekt på forventningsavklaring i starten av studiet.

*Plan for oppfølging:* Faget arbeider kontinuerleg med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøet i dette arbeidet.

---

#### *Vurdering av eigenvurdering av BA i spansk og latinamerikastudium*

---

Hovudinntrykket er at gjennomføringa av dei ulike emna har vore i samsvar med emneomtalane og at tilbakemeldingane frå studentane jamt over er gode. Enkelte tiltak er eller vil bli iverksette for å betra tilbodet og utvikla både fagstudium og didaktiske emne. Det vert også arbeidd med tiltak for å auka rekrutteringa.

Studiet har delvis vore evaluert skriftleg og delvis munnleg gjennom samtalar mot slutten av semesteret. Det har kome fram at studentane gjennomgåande er nøgde med studieopplegg, til dels svært nøgde med didaktiske emne, men finn likevel deler av pensum og progresjon arbeidskrevjande og vanskeleg å hanskast med. Det er difor trong for ein del mindre justeringar av studieopplegg og progresjon, særleg på SPLA100 og SPLA117. Det er også generelt trong for meir oppgåveretting.

Det har ikkje vore tilsett programsensor for 2019. Ny ekstern fagfelle vil evaluera studiet frå og med vårsemesteret 2020.

Det vil elles vera ein pedagogisk føremon med betre spreining av undervisninga. Dei siste par semester har det vore tendens til at TP har gitt opphoping av undervisning frå måndag til onsdag, og relativt lite dei to siste dagane i veka. Det er særleg uheldig at undervisningstimar i same emnet kjem for tett på einannan.

*Plan for oppfølging:* Faget arbeider kontinuerleg med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøet i dette arbeidet.

---

#### *Vurdering av eigenvurdering av MA i spansk og latinamerikastudium*

---

Hovudinntrykket er at gjennomføringa av dei ulike emna har vore i samsvar med emneomtalane og at tilbakemeldingane frå studentane jamt over er gode. Enkelte tiltak er eller vil bli iverksette for å betra programmet.

Studiet har delvis vore evaluert skriftleg og delvis munnleg gjennom samtalar mot slutten av semesteret. Det har kome fram at studentane gjennomgåande er nøgde med studieopplegg, men finn likevel deler av pensum og progresjon arbeidskrevjande og vanskeleg å hanskast med.

Det har ikkje vore tilsett programsensor for 2019. Ny ekstern fagfelle vil evaluera studiet frå og med vårsemesteret 2020.

Det vil vera ein pedagogisk føremon med betre spreining av undervisninga. Dei siste par semester har det vore tendens til at TP har gitt opphoping av undervisning frå måndag til onsdag, og relativt lite

dei to siste dagane i veka. Det er særleg uheldig at undervisningstimar i same emnet kjem for tett på einannan.

*Plan for oppfølging:* Faget arbeider kontinuerleg med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøet i dette arbeidet.

---

#### *Vurdering av eigenvurdering av BA i tysk*

---

Ein har i løpet av dei siste åra hatt ein gjennomgang og omlegging av emna som inngår i BA-programmet i tysk, og det er tatt nokre steg i retning av å «modulisera» TYS115 og TYS116 på Mitt UiB med vekt på «førebuingspakkar» og modular som stimulerer til studentaktiv læring på seminara. Dei fleste studentane reiser til det tysk-norske studiesenteret i Kiel i slutten av vårsemesteret, og studentane gir uttrykk for å setja stor pris på Kiel-opphaldet. Programmet har ikkje vore evaluert av ekstern fagfelle i 2019.

Faget peikar likevel på ei rekkje utfordringar. For det første, er det naudsynt å jobba med rekrutteringa då programmet har få studentar. For det andre, har ein svært heterogene studentgrupper med m.a. stor del studentar med tysk som morsmål på den eine sida og studentar med svært låge ferdigheiter i tysk på den andre. I tillegg viser det seg at få av dei studentane som byrjar om våren har tatt TYS100, som er meint å førebu tyskstudentane på BA-studiet. For det tredje, er det utfordrande å motivera studentane på bachelornivå til å leggja ned arbeid i førebuing og studium generelt. For det fjerde, er det problematisk å innpassa praksis på lektorutdanninga og undervisning på fagstudiet. Til sist kan det også nemnast at faget jobbar med å finna den optimale bruken av undervisningsassistentar og kollokviegrupper.

*Plan for oppfølging:* Faget har presentert lister over lovande og konkrete tiltak dei ynskjer å setja i gang for å møte kvar av utfordringane som er nemnde ovanfor. Dei arbeider dermed kontinuerleg med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøet i dette arbeidet.

---

#### *Vurdering av eigenvurdering av MA i tysk*

---

Inntrykket er at MA-programmet i tysk fungerer bra. Hovudutfordringane er knytte til gjennomstrøyming og tilpassing til lektorprogrammet. Når det gjeld det første, er det ein tydeleg tendens til at masterstudentane treng utvida tid for å bli ferdige med masteroppgåva på TYS350. Faget arbeider med å følgja studentane tettare opp, t.d. i val av tema, samt å framskunda val av tema/rettleiar og oppgåveskriveseminar frå byrjinga av 3. semester til slutten av 2. semester. Når det gjeld det andre, har lektorstudentane praksis frå midten av februar til ut mars og frå midten av september til ut oktober, og det har vore eit problem at tema/ emne som er aktuelle for denne studentgruppa vert underviste under praksisperioden. Ein arbeider med å finna løysingar på dette som er tilfredsstillande for begge studentgruppene som er på MA-programmet.

*Plan for oppfølging:* Faget arbeider kontinuerleg med å følgja opp utfordringane dei ser i programmet innanfor dei strukturelle rammene og ressursane som er tilgjengelege, og instituttet støttar fagmiljøet i dette arbeidet.

## Tiltak for auka studiekvalitet

Institutt for framandspråk har dei siste åra gjennomført ei rekkje tiltak for å sikre god kvalitet på studia. Det har vore eit sterkt fokus på utdanningskvalitet, ikkje minst i 2019, i samband med instituttet sin søknad om å bli Senter for framifrå utdanning (SFU). Sjølv om IF ikkje nådde opp i konkurransen om å få SFU-status denne gongen, er det ikkje tvil om at arbeidet med søknaden har bidrege til at både tilsette og studentar har fått auka medvit om utdanningskvalitet.

Instituttet vedtok i 2019 ein ny [strategi](#) og [tiltaksplan](#) gjeldande for 2020-2022. Alle tilsette, studentar og representantane i råda ved IF har i arbeidet med ny strategi hatt høve til å diskutere viktige satsingsområde og konkrete tiltak for å sikra god studiekvalitet. Eit av desse tiltaka er å arrangera undervisningsforum med relevante tema. Det vart invitert til to undervisningsforum i 2019. I tida framover vil vi setja i verk fleire av tiltaka i tiltaksplanen (Utdanning, side 3-5).

Bachelorprogrammet i engelsk starta i 2019 eit stort Redesign-prosjekt på bachelorprogrammet i engelsk. Etter modell frå Debra Fowlers [redesign-modell](#), tar no faget utgangspunkt i studentane sitt ønska læringsutbytte etter fullført grad, før dei jobbar seg systematisk gjennom innhald og emne i programmet. Prosessen og modellen er òg omtala i UiB si systematiske framstilling av arbeidet med studiekvalitet («[systembeskrivelse](#)»). Erfaringane engelskfaget no gjer seg, kan ha stor overføringsverdi til andre fag, både innanfor og utanfor instituttet.

I 2019 sende IF inn 11 av totalt 33 søknadar om insentivmidlar for utdanningskvalitet ved UiB. 5 av dei i alt 10 søknadene som fekk tildelt midlar kom frå IF. Det at så mange av fagmiljøa søker, viser ein sterk vilje blant undervisarane til å utvikle sine emne for å gje studentane ei best mogeleg utdanning. Fleire av våre fag har òg nytta seg av undervisningsassistentar i 2019. Det er svært positivt at fakultetet lyser ut desse midlane.

IF har dei siste åra freista å bidra til studentane sin trivnad og gjennomføring gjennom ulike arrangement. I månadsskiftet august/september 2019 arrangerte IF for andre gong eit eige skriveseminar for masterstudentar. Seminaret rettar seg mot studentane som er i sitt tredje semester, altså det semesteret dei skal starte skrivinga av masteroppgåva. Etter modell frå skriveseminar for master, blei det òg arrangert eit tverrfagleg skriveseminar for 200-nivåstudentar som skal skrive BA-oppgåve dette semesteret. UB-HF stod for eit av seminara. Det har vore godt oppmøte og gode tilbakemeldingar frå studentane på begge desse tilboda. Vi vonar dette kan hjelpe fleire til å etablera gode studievanar, som igjen vil hjelpe dei med fullføringa av graden.

Eit anna, liknande tiltak er at vi kvart semester arrangerer «Shut up & write» for studentar. Dette er opne, drop-in skrivestover der studieadministrasjonen delar på å sitje «vakt» utover i semesteret. Studentane kjem for å jobba med sine eigne fag i økter på 45 minuttar, med pause på 15 minuttar kor vi serverer kaffi, te, vatn, litt frukt, nøtter og andre godsaker.

Språkfaga har skåra lågt på arbeidslivsrelevans i studia. Noko av dei tildelte insentivmidlane i 2018 gjekk derfor med til planlegging og gjennomføring av «IF-dagen», ein arbeidslivsdag for språkstudentar. Dagen blei arrangert i samarbeid med HAU, og det møtte rundt 100 studentar. Vi vonar at det å visa arbeidslivsrelevans tidleg i studiane, kan bidra til at fleire studentar ønskjer å fullføra sin grad.

IF støttar elles opp om fagutvala og meiner dei gjer eit viktig arbeid for studentane sin studiekvalitet.

## Gjennomføringstal og konsekvensar for instituttet sine ressursar

Over har vi skissert ei rekkje tiltak som Institutt for framandspråk har sett i verk for å auke studiekvaliteten. Det er lagt ned ein stor innsats frå fagmiljøa og den einskilde undervisar for å sikra god utdanningskvalitet på våre emne og program. Diverre kan vi ikkje sjå at desse tiltaka har resultert i auka studiepoengproduksjon og gjennomføring for studentane dei siste åra. Det kan vera mange grunnar til dette. Vi treng ei betra kartlegging av årsakene til låg studiepoengproduksjon og fråfall for å setja inn målretta tiltak. Mange emneansvarlege rapporterer om at det på mange emne er langt færre studentar som møter i undervisninga allereie frå semesterstart, enn dei som er meldt. Dette ser vi og på emne med krav om obligatorisk oppmøte.

IF ligg på dei fleste studienivå diverre noko under fakultetet sitt samla snitt for studiepoeng per student (heiltidsekvivalent), og hadde i 2019 følgjande studiepoeng per student<sup>1</sup>: bachelor 32,1, lektor 47,8, master 42, erfaringsbasert master 23,7 og årsstudium 20.2.

Dei låge gjennomføringstala er ei utfordring for instituttet ettersom dette fører oss inn i en vond sirkel: låg produksjon av studiepoeng fører til dårlegare driftsbudsjett, noko som igjen fører til mindre ressursar til ekstra oppfølging (tettare oppfølging av studentar gjennom gruppeundervisning, obligatoriske oppgåver og varierte eksamensformer). I samband med dette er vi veldig glad for fakultetet sitt tilbod om masterstudentar som undervisningsassistentar, som har vore positivt mottatt i dei fagmiljøa som har nytta seg av dette. Det er elles ingen tvil om at det er ein samanheng mellom studiekvalitet og ressursar, og instituttet jobbar kontinuerleg med å få en heilskapleg oversikt over ressursane som går med i dei einskilde emna.

Når det gjeld undervisning, er det meir krevjande å undervise i faga våre, som er ein kombinasjon av dugleiksfag og kunnskapsfag og kor studentane i fem av faga våre startar utan forkunnskapar i framandspråket.

På mange emne (til dømes engelsk) vert det etterlyst fleire obligatoriske oppgåver/innleveringar, men dette er vanskeleg å få til innanfor eksisterande ressursar. Det er òg eit ynske både frå fagmiljø og studentar å erstatta skuleeksamen med andre former for eksamen. Faktum er at ei sluttevaluering som ein skuleeksamen på fire timar, kostar 0,6 timar per student, (x 2 sensorar = 1,2 timar totalt), medan ei meir formativ vurdering som ei rettleidd semesteroppgåve kostar 2 timar i rettleiing + 2 timar (x 2 sensorar) = 6 timar per student. Mappedvurdering vil i nokre tilfelle liggja endå høgare. Dette er to ytterpunkt, men ein kan anta at formativ vurdering og innlevering av oppgåver gir betre studiekvalitet, sidan studentane då får tilbakemelding undervegs. Dette viser at det er samanheng mellom kvalitet og ressursar.

Vi jobbar kontinuerleg med å finna dei beste vurderingsformene for våre studentar som vi også har ressursar til å gjennomføra, og har t.d. dette semesteret invitert Arild Raaheim til undervisningsforum i april.

## Tal – studiepoeng per student


Vi har henta ut tal frå Tableau studiedata som viser utviklinga i studiepoeng per student frå 2015-2019, fordelt på nivå og studieprogram:

---

<sup>1</sup> Tal fra Tableua studiedata


## Bachelor (fakultetet samla og institutta):

K Studiepoeng per student (gjennomsnitt) per institutt per år sammenlignet




## Master (fakultetet samla og institutta):

K Studiepoeng per student (gjennomsnitt) per institutt per år sammenlignet




## Lektor (fakultetet samla og institutt):

K Studiepoeng per student (gjennomsnitt) per institutt per år sammenlignet




## Erfaringsbasert master (fakultetet samla og institutt):

K Studiepoeng per student (gjennomsnitt) per institutt per år sammenlignet



## Årsstudium (fakultetet samla og institutt):

K Studiepoeng per student (gjennomsnitt) per institutt per år sammenlignet



Grafene er henta frå:

<https://rapport-dv.uhad.no/#/views/GST5Studiepoengperstudent/KStudiepoengperstudentgjennomsnittperinstituttperarsammenlignet?iid=6>

## M Studiepoeng per student (gjennomsnitt) per studieprogram per år sammenlignet (tabell)

		Årstall				
STUDIEPROGRAMKODE		2015	2016	2017	2018	2019
Fakultet 11 Det humanistiske fakultet	BAHF-ARAB	29.2	27.1	28.3	27.7	27.8
	BAHF-ENG	34.0	33.6	31.3	34.2	30.9
	BAHF-FRAN	43.4	31.9	30.1	24.8	31.7
	BAHF-ITAL	27.9	24.0	17.4	23.0	28.4
	BAHF-JAP	30.7	35.4	33.7	31.5	34.2
	BAHF-KIN	27.8	30.5	38.4	38.9	34.0
	BAHF-RUSS	32.3	43.7	38.1	34.0	37.4
	BAHF-SPIK	21.8	45.4	33.3		
	BAHF-SPLA	35.5	33.9	40.0	41.9	28.8
	BAHF-TYS	32.3	30.7	38.0	37.7	36.3

**M Studiepoeng per student (gjennomsnitt) per studieprogram per år sammenlignet (tabell)**

		Årstall				
STUDIEPROGRAMKODE		2015	2016	2017	2018	2019
Fakultet 11 Det humanistiske faku..	MAHF-ARAB	21.8	23.3	27.8	52.5	35.0
	MAHF-ENG	44.9	38.1	32.2	42.1	40.3
	MAHF-FRAN	20.5	41.4	13.3	21.1	31.0
	MAHF-ITAL	60.0	36.0	25.7	0.0	48.8
	MAHF-RUSS	55.7	26.0	41.1	36.3	44.0
	MAHF-SPLA	45.2	24.9	40.9	31.0	51.3
	MAHF-TYS	44.1	32.4	26.7	21.5	30.0

**M Studiepoeng per student (gjennomsnitt) per studieprogram per år sammenlignet (tabell)**

		Årstall				
STUDIEPROGRAMKODE		2015	2016	2017	2018	2019
Fa..	11.. MAHF-LÆFR	54.1	49.9	50.1	48.9	47.9

**M Studiepoeng per student (gjennomsnitt) per studieprogram per år sammenlignet (tabell)**

		Årstall				
STUDIEPROGRAMKODE		2015	2016	2017	2018	2019
Fa..	11.. VID-MAUENG	23.0	23.2	20.5	17.1	23.7

**M Studiepoeng per student (gjennomsnitt) per studieprogram per år sammenlignet (tabell)**

		Årstall				
STUDIEPROGRAMKODE		2015	2016	2017	2018	2019
Fakultet 11 Det humanisti..	ÅRHF-ENG	25.9	23.9	23.5	18.7	20.9
	ÅRHF-FRAN	20.0	20.5	16.5	19.1	16.9
	ÅRHF-SPLA	19.4	24.1	24.2	22.3	15.7
	ÅRHF-SPRPK	60.0	46.7	12.5	10.0	
	ÅRHF-TYS	24.6	33.8	12.9	41.3	36.7

Tabellene er henta frå:

<https://rapport-dv.uhad.no/#/views/GST5Studiepoengperstudent/MStudiepoengperstudentgjennomsnittperstudieprogrampersammenlignnettabell?iid=2>

## Studiekvalitetsmelding for Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium mars 2020

### Studiekvalitetsfremjande arbeid ved LLE sidan førre dialogmøte.

Instituttet har ved fleire høve hatt det «nye» kvalitetssystemet som tema i UUI, og det har òg blitt formidla ut i fagmiljøa ved fleire høve. Vi har òg hatt besøk av viserektor Oddrun Samdal og leiar for Studieavdelinga, Christen Soleim. Dei presenterte studiekvalitetssystemet for dei fleste av medlemane i UUI. Møtet var svært vellukka, og kommunikasjonen gjekk utvilsamt begge vegane. Representantane for universitetsleiinga noterte innspel og tilbakemeldingar frå LLE, og dei svara tydeleg på spørsmål.

LLE hadde varierende resultat i Studiebarometeret. Somme av studieprogramma gjorde det svært godt. Masterprogrammet i nordisk språk og litteratur fekk full skår, noko som var svært gledeleg. Vidare har lektorprogrammet i same disiplin kome seg opp frå dei nedslåande resultatane frå 2018. Bachelorprogramma i allmenn litteraturvitskap og digital kultur fekk svært dårleg skår i Studiebarometeret. Vi inviterte til dialogmøte med studentane som hadde svara på undersøkinga, i tillegg inviterte vi fagutvala til å kome. På dei to møta var det greitt oppmøte. Undervisningskoordinator Heming H. Gujord og studieleiar Signe Nilssen var med på møtet med begge faga. Fagkoordinatorane og studiekonsulentane for dei respektive fagområda var med på sine møte. På møta kom det fram mykje nyttig som fagmiljøa vil ta med i sitt vidare arbeid med studieprogramma.

Det er planlagt eit dialogmøte mellom instituttleiinga og faggruppa i digital kultur. Vidare er det òg planlagt eit møte med faggruppa i kunsthistorie, der det har kome tilbakemeldingar om at strukturen og samanhengen i bachelorprogrammet i kunsthistorie ikkje er så gode som dei kunne ha vore.

Bachelor- og masterprogrammet i allmenn litteratur skal ha sin femårige gjennomgang i år, og dei har gitt tydelege signal om at dei veit kvar skoen trykker når det gjeld opplevd kvalitet på programmet. Studiebarometeret har hatt ei negativ utvikling dei siste åra, og ein vil gjere grep for å føre den opplevde studiekvaliteten på høgde med den sterke fagkompetansen i miljøet. Dei har alt gitt signal om grep dei tenkjer kan vere gode å ta, og difor har ikkje dette fagmiljøet blitt kalla inn til eige dialogmøte.

Vi har hatt fokus på å få oppretta eksterne fagfellar då instituttet har lege ganske dårleg an her. Sidan førre møte har vi fått oppnemnd ekstern fagfelle for nordisk språk og litteratur, norrøn filologi, klassiske fag og teatervitskap. Vi manglar for tida for norsk som andrespråk, kunsthistorie, allmenn litteraturvitskap og språkvitskap. Her vil vi oppretthalde fokuset.

I somme emne har alternative undervisningsformer blitt prøvd ut, med hell. Emnet NOSPAN101 har i stor grad gått vekk frå tradisjonelle forelesingar til fordel for videoforelesingar av ulik lengd, som då kan brukast om att i fleire semester. I tillegg til desse videoforelesingane, har dei oppgåveseminar der studentane i hovudsak styrer sjølv, altså «flipped classroom». Det er desse seminara som er den største delen av undervisningsmengda.

LLE ved Christine Hamm fekk også Sporveugleprisen for undervisningsopplegget om Vigdis Hjorth og Amalie Skram der studentane både fekk legge fram semesteroppgåvene sine på Bergen offentlige bibliotek, men òg fekk dei publiserte i årboka til Amalie Skram-selskapet.

Vi har fått signal om at det vil bli levert minst éin søknad på DIKU-midlane til å legge om undervisningsopplegg. Vi ser ikkje vekk i frå at fleire fagmiljø og undervisarar no i større grad vil kunne sjå til alternative undervisningsformer etter at alle har blitt nøydde til å teste ut digitale løysingar for undervisning.

Alle fagområda våre har fagutval. Nokre er store og svært aktive, medan andre har få medlemar og difor ikkje greier å vere like aktive. Vi har brukt å ha eit frukostmøte med fagutvala og instituttutvalet éin gong i semesteret. Diverre er det ei stund sidan sist vi har fått dette til, men vi håpar å kunne starte opp att med denne tradisjonen til hausten. Vi synest likevel at vi har ein god dialog og nær kontakt med fleire av fagutvala.

LLE slit framleis med ein svært ustabil studieadministrasjon. Dei siste åra har det vore veldig mykje utskifting. Fleire av vikarane vi har hatt inne, har blitt flytta frå arbeidsområde til arbeidsområde for å hjelpe til der det brenn mest. Dette har ført til at det i somme tilfelle har vore mange nye å forhalde seg til for både fagmiljø og studentar. Dette kan nok ha ført til at den opplevde studiekvaliteten har gått noko ned. Diverre ligg det an til at den ustabile situasjonen vil vare ei stund til, då vi har sjukmelding i administrasjonen.

## Vurdering av – og plan for oppfølging av programstyras eigenvurderingar

Eigenvurderingane har blitt innført i tråd med det nye kvalitetssystemet på UiB. Vi er framleis i ein innkøyringsfase av det nye kvalitetssystemet. Når det manglar eigenvurderingar, kan dette også skuldast nettopp manglande rutinar. Vi arbeider aktivt for å implementere dette nye kvalitetssystemet slik at det skal fungere etter intensjonane.

Det er berre teatervitskap og språkvitskap som har levert eigenvurderingar for bachelor- og masterprogramma sine.

### Bachelor- og masterprogram i språkvitskap

BA-programmet har for tida ingen valfridom utanom dei frie studiepoenga, men ein opplever likevel at fagmiljøet er lite til å drive både eit BA- og eit MA-program. Dette er noko også programsensor peikar på i ein tidlegare rapport. Det blir uttrykt uro over at staben om kort tid blir ytterlegare forminska då ikkje alle avgangar blir erstatta. Det blir peika på utfordringar med at det berre er éin frist i året for å gjere endringar i studie- og emneplanar. Vidare blir det gitt uttrykk for at Inspera er lite brukarvenleg og har avgrensingar. Det blir uttrykt ønske om betre støtte frå IT-avdelinga, betre datautstyr i datalab og fleire studentassistentar. Mappe som vurderingsform er uønskt på emne med mange studentar då det krev mykje arbeid og ein er redd for at det er lettare med samarbeid som fører til plagiat. Språkvitskap har over lang tid vore eit sterkt fagmiljø på UiB. Vi er generelt urolege over at bemanningssituasjonen på faget vil gå utover kvalitet som har vore bygd opp over tid.

### Bachelor- og masterprogram i teatervitskap

Også for teatervitskap er det ei utfordring med ein liten stab, men programstyreleiar uttrykker likevel glede over auka tilstrøyming til masterprogrammet. Hovudutfordringa her ligg ikkje på å få

gjennomført emnetilbodet, men på ei betrakteleg større mengd med rettleiing på masteroppgåver. Her ser fagmiljøet for seg å legge til rette for felles pedagogiske og rettleiingsmessige tiltak frå hausten av for å styrke framdrifta i studentanes arbeid med masteroppgåver. Fagmiljøet arbeider òg løpande med å styrke studentanes læring gjennom vidareutvikling av dei pedagogiske metodane. Frå og med 2019 har det blitt innført 75% oppmøteplikt på dei fleste emna, noko ein ser har hatt positiv effekt på læring og gjennomføring.

### Kommentar

LLE anerkjenner at det er ei utfordring å drive både BA- og MA-program med få tilsette. Vi er klare over at særleg språkvitskap har skore emneporteføljen ned til eit minimum. Det har òg vore nokre emne på masternivå som har vore brukte i masterprogram på Institutt for framandspråk, men her har ein òg kutta så mykje ein greier utan å øydelegge progresjonen for studentane både på IF og LLE. Når det gjeld endringar av studieplan, har vi framleis berre éin frist i året, men for emneplanar er det no mogeleg å få gjort endringar til neste like semester. Dette vil nok lette på nokre av utfordringane. Vi ser at vi bør setje oss ned med fagmiljøet for å diskutere mogelegheiter for å legge om undervisinga slik at ho ikkje er så ressurskrevjande. Vidare håpar vi at instituttet vil ha ein økonomi som tillèt ei vidareføring av tiltaket med undervisningsassistentar. For teatervitskap er utfordringane i nokon grad dei same, men her er fokuset i hovudsak på vidareutvikling og ev. omlegging av undervising for å tilpasse til situasjonen. Vi er glade for dette fokuset, og ynskjer å snakke med fagmiljøet for å høyre korleis dei gjer desse tilpassingane og kva dei treng av oppfølging. Vi vil oppmode alle fagmiljøa generelt til å søkje på utlysingar som gir midlar til utvikling av undervising, og vi har òg hatt planar om å ha seminar for instituttet som handlar om erfaringsutveksling når det gjeld utvikling og omlegging av undervisningsmetodar. Vi håpar at dette vil vere mogeleg å få til til hausten om samfunnsforholda ligg til rette for det.

Generelt har det blitt levert ein god del eigenvurderingar av *emne*, noko som er ei klår forbetring frå førre år, men LLE har likevel eit klårt forbetringspotensial når det gjeld dette. Vi har ei klår formeining om at møtet med Oddrun Samdal og Christen Soleim var fruktbart og at det klara opp dei fleste spørsmål UUI hadde, men òg tydeleggjorde hensikta med desse eigenvurderingane.

### Gjennomføring

På generelt grunnlag er det eit misforhold mellom talet på studentar som blir tatt opp på program, og talet på studentar som fullfører sine gradsstudium. Dette gjeld både på bachelor- og masternivå.

Dersom vi ser på studentopptaket på bachelorprogramma i 2015, kjem bachelorprogrammet i norsk som andrespråk best ut. Programmet tok opp 10 studentar i 2015, og 5 av desse fullførte i 2018. Det vil i så fall gi ein gjennomføringsgrad på 50 prosent. Av dei større programma, kom allmenn litteraturvitskap best ut. Programmet tok opp 45 studentar i 2015, og 20 av desse fullførte i 2018. Dette vil i så fall gi ein gjennomføringsgrad på 44 prosent.

Det same bildet står fast på masternivå. Masterprogramma i kunsthistorie, nordisk og allmenn litteratur tok alle opp 10 studentar i 2017, mens 5 studentar fullførte to år seinare. Av desse tala kan ein uansett lese at det er eit misforhold mellom innputt og utputt. Det er for få studentar som fullfører i høve til dei som blir tatt opp på programma.

Lektorprogrammet på nordisk har hatt varierende grad av gjennomføring. I 2013 blei det tatt opp 35 studentar på programmet, mens 20 studentar fullførte mastergraden fem år seinare i 2018. Det gir

ein gjennomføringsgrad på 57 prosent, noko som i denne samanhengen er eit godt tal. Dessverre var tala langt ifrå like gode for det kullet i lektorutdanninga som blei tatt opp i 2014 og som då skulle vere ferdige i 2019. Dette skjedde etter innføring av ny rammeplan i lektorutdanninga og nokre omleggingar av studiet hos oss. Vi ser positive tendensar med fleire aktive studentar på lektorprogrammet, men 2014-kullet viser at her finst variasjonar som følgjer av svært samansette årsaker.

Desse tala fortel ikkje alt, og det er her ikkje tatt høgd for fullføring utover normal studieprogresjon. Tala gir likevel ei tydeleg tilbakemelding om at vi må arbeide målretta for å få fleire av studentane våre til å gjennomføre sine gradstudium. LLE vil prioritere arbeidet med å styrke gjennomføringa på programma våre i tida framover. Dette arbeidet kan skje i tilknytning til mentorprogrammet sentralt på fakultetet, men må først og fremst skje i dei enkelte fagmiljøa. Vi vil også ha kontakt med studentane og fagutvala i arbeidet med å styrke gjennomføringa på programma våre.

# Studiekvalitetsmelding Institutt for filosofi og førstesemesterstudium 2019.

## Fagstudia i filosofi og retorikk

Under finn de Institutt for filosofi og førstesemesterstudium (FoF) si studiekvalitetsmelding for 2019. Ho er skriva i tråd med krava i UiB sitt kvalitetssystem for utdanning, og inneheld avsnitt om studiepoengproduksjon, budsjettprioriteringar, studieportefølje, tiltak for auka studiekvalitet og satsingsområde. I vedlegget til slutt har me samla opp det me reknar som relevant data for meldinga sitt overordna føremål.

### **Studiepoengproduksjon og gjennomstrøyming**

Studiepoengproduksjonen ved fagstudia ved FoF har sett ei stor auke dei siste åra (tabell 1 og 2). I perioden 2010-2015 låg FoF på om lag 5000 studiepoeng pr. år. Det tok så til å auke i 2016 og 2017, og nådde eit toppunkt i 2018 med over 8000 studiepoeng, som i det store og heile vart vidareført i 2019. Det ser difor ut som om 2018 ikkje var eit unntak, men at instituttet har etablert seg på ein ny normal. Ei slik auke er gledeleg, men skapar også visse utfordringar, særleg knytt til ressursar, som me kjem tilbake til under.

Auken i studiepoengproduksjon skuldast mest at fleire studentar utanfor instituttet sine program tek våre emne i filosofi og retorikk, som viser at filosofi er attraktivt som støttefag i andre utdanningar. For medan studiepoengproduksjonen samla sett er høg, så er kandidatproduksjonen låg, i alle fall på BA-nivå (tabell 3). Fråfallet varierer ein del frå kull til kull, men det ligg på rundt 70% fråfall på BA-programma dei siste åra. Studiepoengproduksjon pr. student er også låg, rundt 35 studiepoeng pr. student pr. år, på alle programma (årsstudiet noko lågare). Retorikk har her ei fallande kurve, medan årsstudiet har ei stigande kurve dei siste åra (tabell 4). Samtidig viser statistikken at av dei som gjennomfører, så gjennomfører dei fleste på normert tid (80% på BA), som tyder på at problemet ikkje er at ein bruker lang tid på å fullføre.

På MA filosofi har me så og seie det motsette problemet. Gjennomstrøyminga er her langt betre, og varierer mellom 50% og 70% dei siste åra. Her er det snarare rekrutteringa som er utfordringa, sidan me ikkje fyller studieplassane på masterprogrammet.

(I tolkinga av DBH-tala er det nokre kompliserande faktorar ein må vere merksam på: Exfac, PPU/didaktikk og retorikk-emne på andre institutt. Alt etter korleis ein søker i DBH vil desse stundom kome med, stundom ikkje kome med).

### **Gjennomførte og planlagde emne- og programevalueringar**

Gjennomføringa av programma har gått etterplanen, og fungerer stort sett godt. Ei god handfull av emna vart studentevaluert i 2019, og studentane er for det meste nøgde. Det skal likevel seiast at svarprosenten i all hovudsak er så låg at det er vanskeleg å bruke desse data til noko meningsfullt.

Studiebarometeret har også låg svarprosent (om lag 34%), og må difor tolkast med varsemd, men kanskje er svarprosenten akkurat god nok til at me kan tolke tala som svake indikatorar (ikkje nok svar til å få resultat for MA filosofi og BA retorikk). BA filosofi ser totalt ut til å ligge litt over HF-snittet (3.8 på «overordnet tilfredshet»), men sidan HF i Bergen ligg under snittet, så ligg BA-programmet også under snittet, både generelt og for HF-fag. Om ein samanliknar med andre BA-program i filosofi,

så ligg me eit godt stykke bak UiO og NTNU. Dette er inga krise, men det er urovekkande dersom det blir eit mønster. Me gjer det godt på inspirasjon (men lågt på eige engasjement), og, i likskap med mange andre HF-fag, dårleg på arbeidstilkyting. Meir overraskande er det at me gjer det relativt dårleg på fagleg og sosialt miljø (dette kjem me tilbake til under).

Tett opp mot alle emna vart eigenvurdert av faglærarane. I all hovudsak er det lite behov for større endringar, men eit aukande «problem» er ei aukande mengd med studentar. Dette gjer seg særleg utslag på emne med individuell rettleiing og høg sensureringsfaktor (t.d. semesteroppgåve). Også når det gjaldt undervising gjekk det igjen på dei av emna våre med obligatorisk oppmøtekrav at innsatsen frå studentane før seminar er for veik. Instituttet vil jobbe vidare med dette i 2020, og på sikt kan studiekvalitetsprosjekt på exphil med «digitale arbeidspakker», som studentane skal arbeide med mellom undervisingsøktene, også bere frukter for fagstudia.

Ingen av programma våre var på evalueringskalenderen i 2019. Retorikk skal programevaluerast i 2020, filosofiprogramma (BA og MA) i 2021.

Det førre møte i Utdanningsutvalet skulle vedta emnerotasjonsplan for 2020, men grunna Koronabrotet vil dette møtet først bli haldt digitalt i april. Inntil slutten av 2019 var me utan ekstern fagfelle for filosofi, men no har me fått dette på plass. På retorikk vil ny ekstern fagfelle kome på plass i løpet av våren 2020, og vedkommande vil straks bli sett i gang med programevalueringa.

### **Budsjettprioriteringar**

I og med den sterke auken i talet på studentar, særleg «eksterne» studentar, har FoF fått ei utfordring med ressursar på fagstudia våre. Me treng fleire stillingar, men me må likevel planleggje ut frå at me ikkje får det, og gitt at me ikkje vil takke nei til studentar, tyder det at me må redusere ressursbruken på fagstudia noko. Instituttet var nyleg gjennom ein større emnerevisjon, med reduksjon i talet på emne og fast emnerotasjon, som har stor støtte i staben, og det er difor heller ikkje ønskeleg å leggje ned emne. Då står me att me med eitt alternativ: å redusere bruken av timar på dei emna me har. Instituttet har difor satt ned eit utval som skal sjå på undervisings- og vurderingsformer på fagstudia, og me trur det er mogleg å gjere smarte endringar her som sparar ressursar utan å føre til semre pedagogisk kvalitet.

### **Studieportefølje (planlagde opprettingar og/eller nedleggingar)**

Nytt av året (2019) var emnet RET100 (Innføring i retorikk), eit 10 stp emne særleg innretta mot førstesemesterstudentar ved retorikkprogrammet, og som kan vere aktuelt også for andre BA-program ved fakultetet.

Me har ikkje planar om oppretting av nye emne eller program. Instituttet har brukt ein del tid og energi på å arbeide både for eit PPE-program og eit HD-program, men når det no ser mørkt ut for begge desse to, har me ingen andre initiativ til nye program. Når det gjeld emne, gjer den nemnde ressursbruken at det nok er meir aktuelt å leggje ned eit emne eller to enn å opprette nye, sjølv om me vil prøve å unngå det. Me vil difor i første omgang søke å redusere fråfall gjennom å auke studiekvaliteten på eksisterande emne. Om det ikkje lukkast, må me eventuelt vurdere ein større revisjon av BA-programma.

## Satsingsområde / tiltak for auka studiekvalitet

Me slår desse to saman sidan vårt primære satsingsområde, gitt det som er nemnd over, er å auke studiekvaliteten for å redusere fråfallet utan å bruke fleire ressursar (helst færre). FoF har dei siste åra gjennomført ei rekkje tiltak for å sikre god kvalitet på studia. Her vil me særleg nemne ei vellukka mentorordning som me vil vidareføre. I tillegg vil me nemne tre nye fokusområde:


1) Arbeidslivsrelevans: BA filosofi har vore med i NOKUT si evaluering på dette feltet, som har vore nyttig. Noko av det viktigaste me kan gjere for å vidareutvikle arbeidet med arbeidslivsrelevans er å bevisstgjere studentane våre på den kompetansen dei faktisk har. Mange studentar har ei for snever oppfatning av arbeidslivsrelevans, og me treng å vise dei at dei generelle og overførbare dugleikane dei får i studiet vårt faktisk er av verdi i arbeidslivet. Me trur at me kan oppnå mykje på dette området med relativt enkle og lite ressurskrevjande middel, til dømes karrieredagar der slike spørsmål blir tematisert og diskutert.

2) Fagleg-sosialt miljø: Som sagt hadde BA-programmet skuffande resultat på Studiebarometeret på akkurat dette området. Ja, svarprosenten var låg, men det var likevel overraskande stor forskjell frå UiO og NTNU sine filosofiprogram. Me treng difor å arbeide med å få fleire fagleg-sosiale møteplassar med studentane. Dette kan kombinerast med (1) over, men det kan også handle om til dømes å få i alle fall masterstudentar til å delta på instituttseminar. Samtidig krev dette samarbeid med studentane, sidan slike tiltak til dels må vere studentinitiert, om enn me kan leggje til rette for dei.

3) Som nemnd vil me prøve å redusere fråfall gjennom å auke studiekvaliteten på eksisterande emne. På sikt krev dette at me utviklar ein kultur for pedagogisk utforsking. Her må ein prøve å ha rammer som legg opp til og oppmodar til utprøving av nye undervisings- og vurderingsformer, i staden for rammer som hindrar det. Kanskje kan koronosituasjonen med den digitale kompetansehevinga som denne har ført til, ha positive effektar her. Noko av det same gjeld utviklingsprosjekt på exphil, som fagstudiet også etter kvart kan nyte godt av (digitale arbeidspakker).

## Vedlegg

Tabell1



*FS-data: Her dreier det seg om antal vurderingsmeldingar. Serie 1 er meldt til vurdering, serie 2 møtt til eksamen, serie 3 bestått eksamen. dei stipla linjene er våre prognosar*

Tabell 2

Studiepoengproduksjon FoF 2019, 60-poengseiningar (DBH)			
	2017	2018	2019
Filosofi (BA)	82	94	94
Filosofi (MA)	20	21	18
Retorikk	6	10	9
PPU/didaktikk	1	10	11

Tabell 3

<b>Kandidatproduksjon 2019 (Tableu)</b>			
	2017	2018	2019
Filosofi (BA)	10	7	9
Filosofi (MA)	11	6	9
Retorikk	10	7	7

Tabell 4

<b>Beståtte SP per student per år (Tableu)</b>			
	2017	2018	2019
Filosofi (BA)	35	34	36
Filosofi (MA)	35	36	37
Retorikk	40	33	31

## Studiekvalitetsmelding for Senter for kvinne- og kjønnsforskning 2019

Egenvurdering av Bachelorprogram for kjønnsstudium, Årsstudium for kjønn, seksualitet og mangfold og tilhørende emner

Programsensor for Bachelorprogram for kjønnsstudium og Årsstudium i kjønn, seksualitet og mangfold peker i rapporten for 2019 på at SKOK bør arbeide med å informere studentene bedre om de ulike emnene, eksamener, litteratur og hva som forventes av studentene, både i semesterstart og gjennom semesteret. Programsensor foreslår at SKOK skal utforske mer dialogiske metoder i kommunikasjonen med studenter for å sikre en bedre forståelse hos studentene for hvordan studieprogrammene og undervisningen er lagt opp. SKOK vil forsøke å skaffe midler til å ansette en undervisningsassistent som kan være tett på studentene og ha en koordinerende rolle i programmene.

Bachelorprogram i kjønnsstudium hadde ikke høy nok svarprosent i Studiebarometeret 2019 til at resultatet kunne offentliggjøres.

SKOK tok i bruk det nye egevalueringsskjemaet for emnene som gikk høsten 2019; KVIK100/110, KVIK102 og KVIK201. Evalueringene forteller om et semester der undervisningen foregikk uten store utfordringer.

For emnet *KVIK102 Likestilling og mangfold* foreslår emneansvarlig å innføre obligatorisk seminarundervisning for å bedre eksamensresultatene. En slik endring i emnebeskrivelsen innebærer imidlertid permanente utgifter til seminarleder/undervisningsassistent. Programstyret og SKOK vil ta stilling til forslaget.

Emnet *KVIK201 Kjønnsteori* er forholdsvis arbeidskrevende for studentene. Om mulig, ønsker emneansvarlig å bruke undervisningsassistent til å drive en skrivegruppe for å bedre gjennomføringstallene.

### Tiltak for økt studiekvalitet

Siden bachelorprogrammet ved SKOK består av både kjønnsemner og åtte ulike spesialiseringer fra HF- og SV-fakultetet, har vi utfordringer med at en allerede liten studentgruppe blir fragmentert og at studentene mister kontakt med SKOK og andre studenter på samme program når de tar spesialiseringen sin i de tre siste semestrene av bachelorprogrammet. SKOK arbeider med ulike tiltak for å bøte på dette. Våren 2020 arrangerer SKOK for første gang bachelorstafett. Målgruppen er studenter på siste semester av Bachelorprogram i kjønnsstudium som skriver bacheloroppgave innen de ulike spesialiseringene, samt studenter hjemmehørende på andre program som skriver bacheloroppgave med kjønnsperspektiv.

Av andre studiekvalitetstiltak kan de nevnes at SKOK høsten 2019 arrangerte jobbskygging og arbeidslivskveld for studenter på Bachelorprogram i kjønnsstudium og Årsstudium i kjønn, seksualitet og mangfold. Fire studenter takket ja til å følge ansatte i Bergen Røde Kors, Bergen Næringsråd og Møllaren Frivillighetsentral over en arbeidsdag. Studentene skrev rapport og deltok i panelsamtale om jobbskygging på SKOKs arbeidslivskveld.

Som nevnt ønsker SKOK å ansette en undervisningsassistent som kan arbeide med prosjekter innen utvikling og studiekvalitet. Vi vil søke midler til lønn for en slik stilling gjennom de utlyste insentivmidlene.

## Gjennomføringstall og ressurser

